




Utdannings- og Forskningsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200506444-3/53/KURA

Bergen, 30. januar 2006

Høring - forskrift folkehøgskoleloven

Vi oversender hermed til orientering vårt framlegg til svar på "høring – forskrift folkehøgskoleloven".

Denne skal no handsamast politisk og resultatet av denne vi bli ettersendt til departementet.

Svein-Erik Fjeld

Kurt Raknes

Vedlegg: Sak om "HØRING - FORSKRIFT FOLKEHØYSKOLELOVEN"



Arkivsak 200506444-2
Arkivnr. 53
Saksh. Raknes, Kurt

Saksgang	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet	07.02.2006
Fylkesutvalet	22.02.2006 - 23.02.2006

HØRING - FORSKRIFT FOLKEHØYSKOLELOVEN

SAMANDRAG

Fylkeskommunen har fått tilsendt "Høring – Forskrift til folkehøgskoleloven" og vart beden om uttale innan 15.januar seinare er fristen sett til 1. februar. Fylkesrådmannen har gått gjennom forskrifta og har nokre merknadar til §§ 3, 4, 7 og 8

FORSLAG TIL INNSTILLING

Fylkesutvalet tilrår at departementet innarbeider framleggja slik det går fram av saksførelegget frå Hordaland fylkeskommune i "Forskrift til folkehøgskoleloven"

Fylkesutvalet ber departementet særskild om å gjere følgjande endringar

Framlegg til endring av §3

§3, første setning, bør endrast til: "Kurs som inngår i tilskuddsgrunnlaget *er som hovedregel* åpne for alle, og må være offentliggjort gjennom annonsering, kurskatalog eller på annen tilfredsstillende måte." (endring i *kursiv*)

Framlegg til endringar av § 4 b

Endring 1:

Innarbeida fylgjande tillegg i § 4b i samband med reisekurs: "*Minst ein tredjedel av kurset skal foregå på skolen.*"

Endring 2:

Følgjande formulering bør strykast:

"Tilskuddsberettiget undervisning på kortkurs skal som hovedregel foregå i Norge. Undervisningen kan likevel legges utenlands dersom dette skjer etter et forsvarlig pedagogisk opplegg som er vurdert av Folkehøgskolerådet."

Framlegg til endring av § 7

Rapportering ein gong pr. år.

Framlegg til endring av § 8

§ 8. *Elever som teller dobbelt ved beregning av tilskudd*

§8 bør fjernast og erstattast av ei enklare ordning.

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg: "Høring forskrift til folkehøyskoleloven"

FYLKESRÅDMANNEN, 23.01.2006:

Fylkeskommunen har fått tilsendt "Høring – Forskrift til folkehøgskoleloven" og vert beden om uttale innan 15.januar men er utsett til 1. februar. Fylkesrådmannen har gått gjennom forskrifta og har nokre merknadar til §§ 3, 4, 7 og 8

Framlegg til endring av §3

§3, første setning, bør endrast til: "Kurs som inngår i tilskuddsgrunnlaget *er som hovedregel* åpne for alle, og må være offentliggjort gjennom annonsering, kurskatalog eller på annen tilfredsstillende måte." (endring i *kursiv*)

Grunngjeving

Det føregår i dag ei mengd gode og samfunnsnyttige kurs som er tilrettelagt for speielle målgrupper. Fylkesrådmannen reknar ikkje med at det er departementet sin intensjon å setja ein stoppar for denne aktiviteten.

Det må difor vera rom for at enkeltkurs definerer ei smalare målgruppe, t.d. kurs for psykisk utviklingshemma, kurs for pensjonistar, musikk-kurs for spesielle instrument, osb.

Kravet om "åpne for alle" må kunna stettast gjennom ei samla kursverksemd, utan at kvart enkelt kurs må vera ope for alle.

Framlegg til endringar av § 4 b

Endring 1:

Innarbeida fylgjande tillegg i § 4b i samband med reisekurs: "*Minst ein tredjedel av kurset skal foregå på skolen.*"

Grunngjeving

Ei talfesting av dette vil motverka misbruk av ordninga. Utan dette tillegget risikerer ein at for- og etterarbeid vert minimalt på ein del kurs. Dette er ikkje i folkehøgskulen si interesse. Dersom reisekursverksemda skal halda fram, må det vera tydeleg at dette er noko anna enn ei vanleg temareise. Her må det vera strenge reglar !

Endring 2:

Følgjande formulering bør strykast:

"Tilskuddsberettiget undervisning på kortkurs skal som hovedregel foregå i Norge. Undervisningen kan likevel legges utenlands dersom dette skjer etter et forsvarlig pedagogisk opplegg som er vurdert av Folkehøgskolerådet."

Grunngjeving

Dersom reisekurs ikkje skal kunna føregå i utlandet, kan ein like godt kutta heile ordninga. Dette kravet rimar på ingen måte med samfunnutviklinga og politiske føringar elles i skuleverket.

Internasjonalisering og globalisering er realitetar som me må forhalda oss til og det er vanskeleg å sjå gode argument for å begrensa reisekurs til Norge.

Ei eventuell godkjenningssordning for reisekurs til utlandet er ei byråkratisering som ikkje er naudsynt. Forskriftene må verta tydelege nok til at det ikkje vert trong for slike ordningar.

Framlegg til endring av § 7

Rapportering ein gong pr. år.

Grunngjeving

Fylkesrådmannen meiner at noverande ordning med rapportering ein gong i året er tilstrekkele for å få oversyn over elevtalet for folkehøgskolane.

Framlegg til endring av § 8

§ 8. Elever som teller dobbelt ved beregning av tilskudd

§8 bør fjernast og erstattast av ei enklare ordning.

Grunngjeving

Funksjonshemma elevar har ofte svært mykje dokumentasjon når dei kjem til folkehøgskulen. Dei har vore gjennom grunn- og vidaregåande skule og det eksisterer mykje papirarbeid omkring dei. Dette hjelper lite når folkehøgskulane "må innhente dokumentasjon som gir informasjon om at eleven har redusert funksjonsevne som gjør at eleven har et særskilt tilretteleggingsbehov som elev på folkehøgskole. Dokumentasjonen må være utarbeidet av pedagogisk, sosial eller medisinsk instans utenfor skolen ." (Sitat frå dep. rundskriv, våre understrekningar).

Dette kravet betyr at det må lagast heilt nye vurderingar av ein instans utanfor skulen. Ofte er dette umogleg, ettersom aktuelle instansar anten ikkje har kapasitet, eller ikkje ynskjer å gjera dette arbeidet. Det vil også vera vanskeleg for ein del aktuelle instansar å vurdere kor stort tilretteleggingsbehovet eigentleg er "som elev på folkehøgskole."

Som alternativ til dobbeltteljing vil fylkesrådmannen foreslå at desse midlane vert teke inn i det ordinære statstilskotet pr. elev. Då vil dette tilskotet verta litt høgare og dette vil gje rom for å ta opp eit "normalt" tal funksjonshemma elevar kvart år.

Noverande ordning med dobbeltteljing er rett og slett svært mykje arbeid og svært lite meiningsfullt for alle partar.

Fylkesrådmannen vil oppmoda departementet om går attende til skrivemåten "**folkehøgskole**" som har lang tradisjon i skuleslaget. Dette er også ei form som fungerer på begge skriftspråk.